

Referat fra FAU-møte

Dato: 25/11-2025 Tid: 19.00 Sted: kringlebotn Skole

Tilstede:

Rektor (første time), Arne, Helena, Elisabeth, Birte, Arne, Monica, Jannicke, Andre, Ingvild. Alle trinn representert med minst 1 rep.

Saksliste:

1) Informasjon fra rektor:

- a) **Leigetakermøte.** Er gjennomført. Det blir akustikkdemping på en god del klasserom, deriblant vestibyle og byggerom som FAU hadde spørsmål om forrige møte. Skolen burde vært malt. Dette står på planen for slutten av perioden, 2028.
- b) **Skaterampe/skatepark:** Mest truleg plass til det, men ein må avvente til ein har avklart om det blir STOLT-avdeling ved Kringlebotn og kor mykje plass dei har behov for. Planlagt vedteke no i desember.
Dette gjeld både mtp kor mange klasserom ein lyt avsjå og kor store uteareal dei vil trenge. Spørsmål frå representantar i FAU om klassestørrelsen på dei ulike trinna vil bli påverka av innføring av evt STOLT-avdeling: Dersom dette blir innført vil det bli mindre areal for dei øvrige elevane ved Kringlebotn. 20 STOLT-elevar og deira tilsette vil trenge mykje plass, og det vil kreve ein del ombygging for at det skal bli eit godt tilbud for desse elvane. Samstundes er skulen bygd til 450 elevar, dvs 200 fleire elevar enn ein har per no, så plass bør ein klare å få til.
- c) **TV-bruk i SFO-tid:** Rektor har diskutert dette med avdelingsleiar på SFO. I korte trekk er svaret at dei er for få ansatte på SFO til å både dele ut mat og sørge for ro og orden i spisetid til at dei vil klare seg utan skjerm i spisetid. Dei er heilt klar over at dette er suboptimalt, og er i strid med dei retningslinjer som føreligg; som feks skjermfri spisetid og fokus på "den gode samtalen". Det er rett og slett ikkje nok voksenressurser. Det dei viser på skjerm er aldersadvekat, og dei prøver å gje borna ei felles oppleving. Dei forsøker også at det ikkje skal vare lenger enn høgst naudsynt. Det kjem spørsmål frå representantar om dei ikkje heller kunne høyrde på ei lydbok, men dette er også vanskelig å få til då alle slike strømmetjenester er "private", og det er ikkje lov å bruke i offentleg samanheng (feks bruke eins eigen private konto til å høyre ei lydbok). Skulen har ikkje tilgang til lydbøker digitalt som kan nyttast til dette formålet heller. Spørsmål frå FAU-representantar om ein ikkje kunne ha undersøkt om Bergen offentlege bibliotek hadde eit tilbud. Skulen undersøker dette.
- d) **Rutiner ved forsvinninger:**
Rektor opplyser om at skulen har klare retningslinjer når eit barn blir borte frå skulen. Rektor legg desse rutinene ut saman med dette referatet. NB! Dersom føresette vel å nytte seg av sosiale kanalar som SPOND-grupper/Facebook-grupper som trinnet har i leitinga, er det og føresette som må informere i desse kanalane ved eventuelt funn av den savnede.

2) Gjennomgang av referat frå sist møte: Godkjent.

3) Kiss and ride:

Kome tilbakemelding frå fleire foreldre at det er for mange som vel å køyre borna sine ned bakken til skulen og gjerne sette dei av midt i vegen. Dette kan føre til potensielt farlege situasjonar. **FAU ber instendig alle foreldre om å respektere “kiss and ride” og sette borna av oppe ved rundkøyringa ved toppen.** Om ein eventuelt lyt køyre ned; vær venleg å køyr dei heilt ned til parkeringsplassen på skulen. FAU ber og elevrådet om å engasjere seg i denne saken då trygg skuleveg er noko som er i alle si interesse. FAU blir einig om at FAU-representantar legg ut ei oppmoding på trinnet si SPOND-side/facebookside om dette temaet. Ein diskuterte også om ein burde hatt ein eller annan aksjon på dette, men førebels avventar ein dette.

4) Lekseundersøking:

Veldig variabelt kor mange som har svart på dei ulike trinna. 113 svar totalt. Overordna data vil bli publisert, men det er vanskelig å trekke gode slutningar då svarprosenten var så låg. Lærarane vil få ein fylldigare rapport for sitt trinn saman med dei ulike kommentarane, så dette kan takast til etterretning i deira vidare arbeid kring temaet.

5) Spørreundersøkelse om barnas digitale verden, bruk av smarttelefon og SoMe:

213 svar på spørreundersøkelsen. På bakgrunn av såpass stor svarprosent vel FAU og utarbeide retningslinjer basert på desse svara. Svara på spørjeundersøkinga og retningslinjer vil bli publisert no før jul. FAU presiserer at desse retningslinjene ikkje er påbud; det er opp til den einskilde forelder om ein vel å følge dei. I korte trekk vil ein gå for:

- a) Ingen smarttelefoner i barneskulen (Smarttelefonfri barneskule innan 2030!)
- b) Skjermfrihet i sosiale samanhenger (arrangement på skulen og på fritida)
- c) Vent med sosiale medier til etter barneskulen
- d) Unngå chat-grupper for barn med smarttelefon

Utdjupande forklaring for bakgrunn til retningslinjer og svar på undersøking vil som nevnt bli publisert i eige innlegg no før jul.

6) Tema for vårens foreldremøte:

FAU vil ta kontakt med Barnevakten (www.barnevakten.no). Dette er ei stifting som gjev råd og informasjon om barn si bruk av mediar. Deira visjon er at barn og unge skal kunne bruke digitale medie på ein trygg og bevisst måte. Dei tilbyr ulike formar for undervisning/føredrag. Vi vurderer å arrangere to temakvelder; eit for 5-7 trinn med både føresette og born (Tema: Skjerm og nettvett), og eit for primært 1-4 klasse (Tema: Smarttelefonfri-hva nå?). Ein FAU-representant får oppdrag med å undersøke pris, tidspunkt etc.

7) Håndbok for klassekontaker:

Dette blir jobba med, og eit forslag vil bli lagt fram på neste FAU-møte.

Referent: Ingvild Nyre Knudsen.